

KYRKJEBLAD

58. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/2004

Påskenen 2004



Utsnitt av altertavla i den gamle Stamnes kyrkje.

Biletet er teke av konfirmantane

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29
e-post:
kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no
Ekspedisjonstid:
Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,
onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
e-post:
kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20,
e-post:
soknepresten@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15
Mobiltlf. 90 19 65 14
e-post: frode.kvamsøe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
Fax 85 02 45 70
e-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og
Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese
Tlf. privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 7.juni.
Neste nummer kjem ut i juni

Tid for konfirmasjon



Våren er tid for konfirmasjon her hjå oss. Tidene skifter, konfirmantundervisninga likeins. Dei siste åra har konfirmantane arbeidd i ymse grupper, med ulike tema. Det har vore musikalar og ung messe, og idrettsaktivitetar. Kapellan Edvard Bø har skrivne meir om dette på side 5.



Me nyttar høvet til å vise bilete av ein detalj fra takbjelkene i Stamnes kyrkje, fotografert av konfirmantgruppa. Lilja med tre blad er eit symbol på den treeinige Gud.

Bibelen på det øvste bilete er frå Stamnes kyrkje.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.
Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik 4
5610 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Livet vann!

Påskedagsandakt av generalsekretær Rolf G. Heitmann, Den Norske Israelsmisjon (KPK)

"Tidleg om morgonen fyrste dagen i veka, medan det endå var mørkt, kom Maria Magdalena til grava. Då fekk ho sjå at steinen var teken bort frå grava. Ho sprang av stad og kom til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, og sa til dei: 'Dei har teke Herren ut or grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.' Då tok dei ut, både Peter og den andre læresveinen, og gav seg på veg til grava. Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang snøggare enn Peter og kom fyrst til grava. Han bøygde seg inn og såg linkleda liggja der, men han gjekk ikkje inn i grava. Simon Peter fylgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og kledet som Jesus hadde hatt over hovudet. Det låg ikkje saman med linkleda, men ihoprulla på ein stad for seg. Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen fyrst til grava. Og han såg og trudde. For endå hadde dei ikkje skjona det Skrifta seier, at han skulle stå opp frå dei døde. Så gjekk læresveinane heim."

Johannes 20, 1-10:

Eg sat der, slik eg har site mange gonger tidlegare. I den vakre hagen, svært nær den gamle skiljelinja som delte byen i to: Aust og vest. Eg stirde mot holet i berget. Ei tom klippegrav. Skrifta på veggen talar enkelt og klårt: Han er ikkje her. Han har stått opp!

Larmen utanfor maktar ikkje å trengja skikkeleg inn til Gordons Golgata. Fuglesongen frå fikentrea akkompagnerer den fine vårlufta med eit streif av himmelsk melodi. Eg har møtt røynda utanfor hagen: Støy, larm og krangling. Jamvel bomba som eksploderte nokre kvartal unna, hørde eg. Det verkar som ein tilfluktsstad her eg sit. Men kva kan ei tom grav fortelja?

Vanlegvis er grava det siste som kan takast frå oss. Når alt anna er borte, er det godt å ha ei grav å minnast ved. Ei tom grav skaper gjerne meir fortvilning og forvirring enn von og glede. Slik var det nok også for dei første augnevitna til Jesu tomme grav.

Men grava her vitnar altså ikkje om skjending eller røveri. Ho vitnar om oppstode. Om noko som er sterkare enn døds kreftene. Om at dødsmakta er broten.

Med blikket festa på den tomme grava, delvis innestengd i mi eiga verd ein liten augneblink, tenkjer eg: Ville livet mitt vore annleis om grava ikkje var tom? Og kva med det pulserande, støyande og konfliktfylte livet i gatene i Jerusalem?

Tilsynelatande ville det ikkje ha gjort noko frå eller til. Og likevel avgjer dette alt. For denne tomme grava tenner ei ny von og skaper ny forventning. Ei von for æva. Forventning om eit liv utan skiljelinjer, sorg og smerte. Heller ingen trugsmål eller bomber. Vona er at også mi grav ein gong skal vera tom, og at mitt mørke skal forvandlast til ein lysande dag.

Slik Jesu død er ei soning for mi synd og skuld, slik har han også tatt meg med i si oppstode til eit nytt og evig liv. Det vil eg tru og halda fast ved.

Røyndomsflukt vil somme kalla det. Ja, viss dette berre er ei livsforsikring om overgang til ein betre tilstand ved min fysiske død. Men Jesu oppstode inneber også eit nytt innhald for meg i kvardagen min, der himmelske livskrefter får råderom. Kvar dag kan eg bera naud og smerte som eg kjenner på, så vel som takk og glede, fram for han som har nøklane både til livsens og dødens inngangsdører. Kvar dag kan eg henta oppmuntring og styrke frå han som viser at livet har sigra over døden. Kvar dag kan eg leva i vissa om at Guds frelse og nåde held! Ingenting skal kunna skilja meg frå Guds kjærleik. Difor ottast eg heller ikkje for noko, men ber om at Jesu siger må bli synleg også i vår verd.

Det finst ein heilagdag, ein oppstodedag. Difor kan eg møta kvardagen, kvar dag, med glede og forventning. Saman med fuglane i fikentreet vil eg syngja det ut: «Deg være ære, Herre over dødens makt. Evig skal døden være Kristus underlagt.»

BARNEKROK I VAKSDAL KYRKJE



På gudstenesta søndag 28. mars, Maria Bodskapsdag, vart den nye barnekroken bak i kyrkja innvigd. Det heile starta for om lag eit år sidan då Arne Sæther frå kyrkjeavdelinga i departementet var innom kyrkjene på Dale og Vaksdal. Han kom med innspel til sokneråda om mogelege endringar for å oppdatere kyrkjene etter moderne behov. Soknerådet i Vaksdal tok fatt og fekk laga teikningar som biskopen godkjende og så var det berre å starte. Ein benk bak i kyrkja vart fjerna, og to på midten vart halverte med tanke på rullestolbrukarar og barnevogner. I vinter la vi opp til at ei av konfirmantgruppene kunne samarbeide med soknerådet om å ferdigstille barnekroken.

Vi fann fram dei gamle barnestolane som var stabla opp i kyrkjetårnet, samt ein gamal benk. Dei har konfirmantane pussa og malt så dei stod i stil med resten av interiøret i kyrkja. Benken var borna i

Vaksdal barnehage med og mala englar på. Den skal stå i konfirmantrommet. Soknerådet har kjøpt nye bord og teppe på golvet, og fått laga bokhylle og skjermplater mot omnane under benkene, så har vi fått tak i teikne-esker, enkle leiker og nokre barnebøker. Særleg har Kjell Nystedt og Kari Bø gjort ein stor innsats for å realisere prosjektet.

På gudstenesta gjekk vi i prosjesjon til barnekroken der Kilden var med og song: "Fred være med deg." Kapellan Edvard Bø opna kroken med ei bøn for anledningen. Kyrkjelyden song ein barnesong før Ingrid Øygard Steinkopf på vegne av borna klippa over den raude silkesnora og kapellane erklærte barnekroken for opna. Kyrkjelyden klappa. I gudstenesta tok borna i bruk kroken som vi ser på biletet. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe der konfirmantane hadde baka skillingsboller og sjokoladecake. Det var saft til barna.

KONFIRMANTGRUPPER

I vinter har konfirmantane vore med i ulike aktivitetsgrupper. I konfirmantopplegget høyrer det med å kunne velje aktivitetar etter interesse. Desse kan vere av praktisk art, eller knytt til spesielle emne og prosjekt. Konfirmantane har dette året kunne velje mellom:

Korgruppe

Å syngje i koret Kilden.

Kirkens Nødhjelp

Å førebu fasteaksjonen, og setje seg inn i kva årets innsamling går til.

Kreativ Barneårsgruppe

Saman med soknerådet på Vaksdal å setje i stand ny barnekrok i kyrkja, samt førebu gudstenesta der barnekroken skal innviast.

Skattejakt på kyrkjeloftet på Starnes

Å finne fram gamle ting som har vore i bruk i kyrkja gjennom historia, og å presentere dei for kyrkjelyden.

Fotogruppe

Med nye og gamle bilete å dokumentere noko av livet i kyrkjelyden.

KRIK, som står for Kristen

Idrettskontakt

Få kjennskap til eit kristen arbeid som retter seg inn mot idrett, samt at idrett kan vere lek og ikkje berre konkurranse.

Orkester

Førebu musikk til einskilde gudstenester i samarbeid med Kilden.

Misjon

Kjennskap til Tibetmisjonen sitt arbeid i Nepal gjennom kontakt med dei lokale misjonæranne Kjartan og Elisabeth som nett er reist til det landet.

Skog og Naturvern

Lære om bruk av skogsmaskiner, og ei etisk forvaltning av naturressursane som vi haustar frå.

Besøksteneste

Besøke dei eldre som bur i Omsorgs - bustadane på Dale, og få eit innblikk i deira liv og kvardag

Det har vore mange alternativ og alle utom orkestergruppa har vore i funksjon. Der var det for få påmelde. Men kanskje eit anna år. Det har vore eit mål at gruppene ikkje skulle verte for store, men dei har hatt ulike storleiker. Det ser òg ut til at dei har fungert riktig bra.

Kva vil me med gruppene?

Det var kanskje ikkje heilt enkelt å svare på for konfirmantane heller når dei vart sette til å pusse opp barnestolar med sandpapir og mållarkost. Vi har tru på at det å gjere praktiske oppgåver kan hjelpe konfirmanten til å få innblikk i ulike sider av kyrkja sitt virke. Kyrkja er mangfaldig, og trua har mange sider. Gjennom aktivitetane vil vi vise at kyrkja sitt virke kan vere retta inn mot så ulike ting som gudstenester, omsorg for eldre, etisk ansvar for bruk og forbruk, ansvar for nødlidande, å ta vare på kroppen sin, å bruke egne ferdigheitar for andre gjennom song og musikk, å lære å verte glad i si eiga lokale kyrkje, å leggje til rette for born og funksjonshemma så dei òg kan finne seg heime i kyrkja. Samt å spreie Guds ord både lokalt her heime, og i misjonsverksemd ut i den store verda til dei som ikkje har høyrte om Jesus. Gjennom gruppene vil konfirmantane få større kjennskap til minst ei av desse sidene.

Leiarar og konfirmantar vert kjende med kvarandre på ei ny måte

Leiarane har og fått drive med gruppeverksemd så langt som råd inn på egne interessefelt. Her har konfirmanten òg fått høve til å verte kjend med nokon i kyrkjelyden utanom presten. Det er kanskje ikkje så dumt heller å møte presten i andre samanhanger enn på preikestolen. Eg er dessutan sikker på at konfirmanten kan få opplevingar å hugse tilbake på. I nokre av gruppene kan dei seie: eg var med og gjorde noko for andre i konfirmanttida mi. Så langt råd har vi søkt å leggje til rette for at konfirmantane kunne presentere det dei driv på med på ei gudsteneste.

Edvard Bø

Den autoriserte biografien om Jesus



Bibelmisjonsleder Dag Kjær Smemo i Det Norske Bibelselskap med den autoriserte biografien om Jesus Kristus.

Bibelselskapets nye særtrykk av Johannesevangeliet kan ses som en kommentar til Mel Gibsons film "The Passion of the Christ", men har ingen direkte referanser til filmen. - Vi presenterer Johannesevangeliet som den autoriserte biografien om Jesus Kristus, sier bibelmisjonsleder Dag Kjær Smemo i Det Norske Bibelselskap.

Bibelselskapet har trykket 10.000 eks. av heftet "Jesus Kristus - Den autoriserte biografien" som gjengir Johannesevangeliet i sin helhet. Nå utfordres menighetene til å utnytte debatten rundt den aktuelle og omdebatterte Jesus-filmen. - En del menigheter har ønske om å gjøre noe i forbindelse med filmen. Vi mener dette heftet egner seg til utdeling når debatten rundt filmen pågår i mediene. Økt fokus på den historiske Jesus fram mot påsketiden gir en glimrende anledning til å peke på Bibelen som hovedkilde for historiens hovedperson, sier Smemo.

Heftet ble nylig presentert for årsmøtet for Norges Kristne Råd. Det er var en enstemmig positiv respons fra alle kirkesamfunn og bestillingene har allerede

begynt å strømme inn til Bibelselskapet.

Fra den internasjonale distributøren av "The Passion of the Christ" fikk Bibelselskapet i oppdrag å sjekke den norske teksten av filmen. - Vi har sjekket at oversettelsen bruker de riktige bibelske ord og uttrykk. Innholdet i filmen har vi ikke kommentert, sier Smemo. Han ønsker ikke å si sin personlige mening om Gibsons film.

Bakerst i det nye heftet fra Bibelselskapet henvises det blant annet til filmer om Jesus, men Mel Gibsons film er ikke nevnt. (Kirkeinfo)

Informasjon om heftet "Jesus Kristus - Den autoriserte biografien" ligger på Bibelselskapets hjemmesider <http://www.bibelselskapet.no> Her kan også heftet bestilles.

BASAR I BERGSDALEN KYRKJE


Laurdag 17.april kl.15.00

Inntekta frå basaren går til Tibetmisjonen. Kjartan og Elisabeth Gullbrå er utsendingar for Tibetmisjonen i Nepal

BLADPENGAR FOR 2004

Det er tid for å minna om bladpengar for Kyrkjebladet for Vaksdal. Midt inni bladet finn de ein giroblankett som kan nyttast. Bladet blir sendt til alle husstandar i Vaksdal prestegjeld og nokre einskildabonntantar utanom. Det er frivillig om ein vil betala, men vi vonar sjølvstøtta at flest mogleg vil støtta opp om kyrkjebladet vårt. Prisen er den same som tidlegare år - 100 kr. Det er også høve til å gje ei gåve til bladet på same giroen. Vi seier takk til alle som på denne måten stør opp om kyrkjebladet.

UTDELING AV GODT NYTT TIL 11-ÅRINGAR



11-åringar i Eksingedalen kyrkje 8.februar 2004

Frå venstre: Sigrid Nese, Linda Merete Lavik, Ann-Kristin Fosse, Camilla Jensen og kapellan Edvard Bø. Foto: Solfrid Urke Nese



11-åringar i Stamnes kyrkje 15.februar 2004

Frå venstre foran: Terje Igland, Ingrid Straume Normann, Elisabeth Leiren Tyssebotn, Lene Strand Carlsen, Marius Simmenes. Bak frå venstre: Sara Zuliani, Rune Straume Samuelsen, Hogne Kallestad Dyvik, Øystein Farestveit Nese og sokneprest Kvamsøe.

COOP Hordaland BA
marked
Avd. 405 Dale
5721 Dalekvam
Tlf.: 56 59 61 01



Me leverer alt innan elektriker-
tenester, også varmepumper.
Telefon: 56597722

instyle
HÅR & SOLSTUDIO AS

Tlf. 56 59 65 00

OPNINGSTIDER FRISØR:

Måndag:	Stengt
Tysdag og fredag:	10-17
Onsdag:	12-20
Torsdag:	10-20
Laurdag:	10-14

OPNINGSTIDER SOLARIUM:

Måndag- fredag:	10-22
Laurdag:	10-19
Søndag:	11-22

Instyle hår- og solstudio finn du vis-à-vis butikken på Stanghelle!



- ein lokal medspelar

GRAVMONUMENTER
fra Brødr. Strand
Stenhuggeri
I våre kataloger finner De
flere hundre modeller.
Vi har alle aktuelle stentyper.
Be om katalog og prisbud.
NB! Fri frakt leverer og monterer
alle kirkegårder i distriktet.
Skrittbilletsar - Oppussing

Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

**PENSJONSSPARING
OG FORSIKRING**

Ta kontakt med oss lokalt!

SparebankenVest

SPAR DALE

DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss

tlf. 56 59 62 23

faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.

**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Einar Mjelde, tlf. 56 59 74 43 (priv.)

YIT

YIT Building Systems AS

Din lokale totaltekniske entreprenør.

Lys Varme Ventilasjon Alarm Nettverk

EL sjekk av bustader Energianalyser

Ta kontakt med oss, og vi kjem på synfaring,
utan kostnad for deg!

Vår representant i Vaksdal: Robert Lie, Tlf 907 25 800

Hovedkontoret på Voss: Elvegata 4, 5700 Voss

Tlf. 56 52 95 00 Fax. 56 52 95 09 www.yit.no

Kyrkjegardsdagar

Kyrkjegarden skal tene både dei levande og dei døde. Den skal vera funksjonell og tilrettelagt for dei som vitjar den. Portar og gjerder, tre og busker skal lage ei ramme rundt kyrkjegarden som gjev dei døde ein verdig kvilestad. Kyrkjegarden kan og vere til rekreasjon for dei som ynskjer ein stille stad der ein ikkje skal forstyrrast av det kvardagslege, og der ferdsla skjer gåande. Vedlikehaldet skal vere enkelt å utføre, slik at ein kan halde ein høg standard.

Kyrkjegarden kan og vere ein møteplass. Nokon treng hjelp til å stelle graver, nokon kan hjelpe.

I fjor hadde me kyrkjegardsdag på Vaksdal den 15.mai og i Bergsdalen den 16.mai. Mange møtte fram, og kyrkje- verja fekk høve til å finne ut meir om slektskap og eigarskap til graver som me ikkje hadde opplysningar om.

I Bergsdalen samarbeidde dei frammøtte om å rette opp skeive gravsteinar, og å plante blomar. På nokre timar vart kyrkjegarden rusta monaleg opp, og dei frammøtte hadde vist at dugnadsanda lever i Bergsdalen

I år vil me invitere deg til kyrkjegardsdagar på Stamnes og på Dale. Det er for tidleg å fastsetje dato, men me ynskjer å nytte 13.og 14 mai om det er meldt fint ver.

Invitasjonen gjeld alle som er knytt til kyrkjegarden, anten ein har ei grav å gå til, eller har spørsmål om noko som gjeld kyrkjegarden. Du vil kunne få svar på spørsmål om lovverket, lokale forskrifter, festeavgifter, stelleavtalar, legat, sikring av gravminne, vedlikehald og reingjering av gravminne. Det vert høve til å handle blomar frå lokale leverandørar, og ein kan møte representantar frå gravferdsbyrå.

Sjå i lokalavisa for vidare kunngjering!

”Alle landets orgler klinger!”

I år er det 100 år sidan den første organisering av kyrkjemusikarar fann stad.

I dag er kyrkjemusikarane (kantarar/organistar) organisert i MFO – musikarane sin fellesorganisasjon. Som ein del av 100-års jubileet har MFO forslått at alle organistane og kantorane i landet skal arrangera ein konsert på pinseaften kl 16.00. Tanken er at alle skal kunne vitja ein orgelkonsert/kyrkjekonsert denne dagen til det same tidspunkt uavhengig av

kvar i landet ein er. Dette vil òg vere ei fin innleiing til pinsa.

I Vaksdal kommune er det 7 kyrkjer og 3 organistar/kantarar. I tillegg spelar organisten i Eksingedalen i Modalen òg. Me vil ikkje klare å få til konsertar i alle kyrkjene samstundes. Difor har me valt å markera jubileet med å halde konsertar i *Dale kyrkje*, *Vaksdal kyrkje* og *i Mo kyrkje*. *Konsertane vert altså kl 16.00 pinseaften laurdag 29. mai.*

FASTEAKSJONEN TIL KIRKENS NØDHJELP

23.mars var konfirmantar og frivillige vaksne frå Vaksdal, Stanghelle og Dale med på den landsomfattande innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp som er årvisst i fastetida. Årets aksjon hadde fokus på reint vatn til fattige land i verda.

Resultatet vart sers bra her hjå oss, og bøsseberarane vart tatt vel imot der dei kom.

Vaksdal sokn: kr.26.519,- (24.796)

Dale sokn (med Stanghelle) kr.22.977,50 (20.072)

KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK FOR VAKSDAL PRESTEGJELD
2003 (2002)

	Heile prestegjeldet	DALE	VAKSDAL	STAMNES
Innmelde	0 (1)	0 (0)	0 (0)	0 (0)
Utmelde	3 (3)	1 (0)	2 (3)	0 (0)
Døypte	40 (39)	14 (21)	13 (10)	6 (3)
Konfirmantar	55 (43)	29 (25)	11 (9)	6 (7)
Giftarmål	8 (6)	1 (2)	4 (1)	1 (2)
Gravferd	53 (60)	27 (24)	13 (15)	4 (12)
Gudstenester	118 (118)	29 (30)	31 (28)	20 (20)
Frammøtte	7092 (6796)	2573 (2577)	1992 (1764)	1151 (1238)
Gjennomsnitt	60 (58)	89 (86)	64 (63)	58 (62)
Familiegudst.	37 (26)	7 (6)	8 (5)	5 (5)
Frammøtte	3106 (2565)	983 (925)	881 (686)	463 (506)
Gjennomsnitt	84 (99)	140 (154)	110 (137)	93 (101)

	EIDSLAND	BERGSDALEN	EKSINGE- DALEN	NESHEIM
Innmelde	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (1)
Utmelde	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)
Døypte	0 (1)	2 (1)	0 (1)	5 (2)
Konfirmantar	3 (0)	3 (0)	3 (2)	0 (0)
Giftarmål	0 (1)	2 (0)	0 (0)	0 (0)
Gravferd	4 (6)	2 (0)	1 (0)	2 (3)
Gudstenester	10 (10)	10 (10)	9 (10)	9 (10)
Frammøtte	275 (263)	541 (281)	335 (321)	415 (346)
Gjennomsnitt	28 (26)	54 (28)	37 (32)	46 (35)
Familiegudst.	4 (3)	4 (2)	4 (1)	5 (4)
Frammøtte	124 (113)	247 (125)	73 (22)	335 (188)
Gjennomsnitt	31 (38)	62 (62)	18 (22)	67 (47)

Tala frå kyrkjebøkene og dagsregister i kyrkjene syner ikkje så store endringar frå år til år. Det som har auka mest i 2003 i høve til åra før, er tal på familiegudstenester. Dette heng saman med Bjørgvin bispedøme sitt prosjekt Barneåret frå hausten 2003 til sommaren 2004.

I statistikkoversikten er familiegudstenestene med i det totale tal på gudstenester, samstundes som dei er ført opp særskild.

Eit av måla med barneåret er at alle i Bjørgvin skal be kveldsbøn.. Her er eit døme på ei slik bøn som er blitt brukt i fleire av familiegudstenestene.

**Jesus, du er glad i meg.
Takk for alt eg får frå deg.
Kom til oss, som du har lova.
Ver hjå meg når eg skal sova.
Hjelp kvart barn på denne jord,
sysken,venner, far og mor.**

SLEKTERS GANG

DØYPT

VAKSDAL

14.12 Emilie Krogsrud Vatle

04.01 Martha Mjelde

14.03 Kristian Nordby Karlsen

DALE

08.02 Morten Johannes Horvei

08.02 Robin Kydland Eriksen

08.02 Jonas Utskott Bukkestein

STAMNES

15.02 Tuva Faugstad

BERGSDALEN

26.12 Magnus Fosse Osvold

VIGDE

31.01 Bente Langhelle og Sigurd Flotve,
vigd i Indre Arna kyrkje

AVLIDNE

VAKSDAL

20.01 Jenny Larsen, f.1906

07.02 Arthur Bernes, f.1912

07.02 Målfrid Myren, f.1913

12.02 Kjell Rune Haugse, f.1958

17.03 Ansgar Hvidsten, f.1932

DALE

26.12 Gudrun Hernes, f.1927

30.12 Thomas Karstensen, f.1987

17.01 Astrid Ulveseth, f.1918

06.02 Adolf Hetlevik, f.1912

11.02 Esther Jensen Hetlevik, f.1918

11.02 Ellen Berg, f.1911

19.02 Borgny Sofia Brekke, f.1917

26.02 Anna Verlo Hatlestad, f.1912

28.02 Thomas Utskott, f.1915

17.03 Anne Marie Langedal, f.1944

25.03 Arne Holen, f.1929

29.04 Thea Brudvik, f.1904

STAMNES

23.12 Anny Stamnesfet, f.1917

22.03 Sofia Bukkestein, f.1910

BERGSDALEN

09.12 Alfhild Berge

EIDSLAND

28.04 Jakob Eikefet, f.1929

Felles høgtidsgudsteneste

1. påskedag i Vaksdal kyrkje

1. påskedag vert det igjen felles høgtidsgudsteneste, denne gong i Vaksdal kyrkje. Det er fint å kunne samlast på ein slik måte til ei feiring av Jesu oppstode. Me ynskjer å fylle gudstenesta med mykje song og musikk, og utfordrar her alle som har lyst til å vere med i forsongarkoret. Me møtest kl.09.45 for ein times øving og gjennomgang av det som koret er med på. Repertoaret inneheld ein bibelsk salme, fullstendig gloria, nokre diskantar m.m. ettersom tida strekk til. Me satsar på god oppslutning denne dagen så det kan verte ei skikkeleg festgudsteneste.

Orgelresitasjonar/konsertar i påska:

I påska har ein høve til å få med seg orgeltonar som ei innleiing til nokre av gudstenestene. Det vert ein liten "konsert" der programmet vil vere prega av pasjons-tida. Resitasjonane byrjar ein halv time før gudstenestene. Det vert orgelresitasjon i:
Stamnes kyrkje skjærtorsdag 8. april kl. 17.30: Orgelresitasjon ved kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf.
Vaksdal kyrkje langfredag 9. april kl. 10.30: Orgelresitasjon ved kantor Olav Arne Steinkopf
Eidsland kapell langfredag 9. april kl. 19.30: Orgelresitasjon ved organist Asbjørn Nese

STAMNES BEDEHUS

**15.-18.april Nordhordland
Indremisjon.Fellesmøter for Dale,
Stanghelle og Stamnes Indremisjon
Talar : Reidun Skurtveit
15.april kl.19.30
16.april kl.19.30 Kilden syng
17. april kl.18.00
18.april kl.17.00
Bønesamling ein halv time før møta**

VELKOMMEN TIL KYRKJE !

VAKSDAL KYRKJE

9.april kl.10.30 Orgelresitasjon. Olav Arne Steinkopf.

kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

11.april kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

18.april kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Familie og medier.

25.april kl.18.00 Ung Messe. *Sjå Dale!*

1.mai kl.9.30 Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

2.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

17.mai kl.10.30 Familiegudsteneste. Bø. Offer til KIA Bjørgvin, Kristent interkulturelt arbeid.

23.mai kl.18.00 Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Sjømannskirken.

30.mai kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. *Sjå Dale!*

13.juni kl.12.00 Fitjavass-stemna. Aase.

20.juni kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE

4.april kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.

8.april kl.20.00 Skriftemålgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Acta Normisjon.

11.april kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. *Sjå Vaksdal!*

25.april kl.18.00 Ung Messe med konfirmantane i Dale, Vaksdal, Stamnes og Bergsdalen. Offer til KFUK/KFUM.

1.mai kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

2.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17.mai kl.10.00 Familiegudsteneste. Gudrun Boge Karlsen. Offer til Ungdom i Oppdrag.

30.mai kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

6.juni kl.11.00 "Fest på kjerka", friluftsgudsteneste i Messhagen i samarbeid med Sjømannskirken. Offer til Sjømannskirken.

STAMNES KYRKJE

8.april kl.17.30 Orgelresitasjon. Tone Synnøve Øygard Steinkopf

kl.18.00 Skriftemålgudsteneste. Bø. Nattverd.

12.april kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.april kl.18.00 Ung Messe. *Sjå Dale!*

9.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17.mai kl.12.30 Familiegudsteneste. Gudrun Boge Karlsen. Offer til Redd Barna.

20.mai kl.12.00 Vassbakkenstemna ved Vikavatnet. Bø. Offer til Bergen Søndags-skolekrets.

20.juni kl.16.00 Familiegudsteneste. Bø. Offer til Sjømannskirken.

EIDSLAND KAPELL

9.april kl.19.30 Orgelresitasjon. Asbjørn Nese.

kl.20.00 Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

25.april kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

17.mai kl.12.30 Familiegudsteneste. Bø. Offer til Orgelfondet.

EKSINGEDALEN KYRKJE

8.april kl.11.00 Nattverdgdudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

18.april kl.16.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Sjømannskirken.

30.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

NESHEIM KYRKJE

4.april kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp/fasteaksjonen.

11.april kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til KFUK/KFUM.

9.mai kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til misjonsprosjektet. Nattverd.

27.juni kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

BERGSDALEN KYRKJE

4.april kl.12.30 Sportsandakt. Kvamsøe

11.april kl.20.00 Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

31.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til Fagertun leirstad